

Opprydding snart etter NINA?

10.03.2015



Restene etter sjøhuset er spreidd av vind og straum og denne prosessen held fram

**Det er gått 2 månader sidan orkanen NINA herja også hos oss i Uskedalen den 11. januar og mellom anna raserte det gamle sjøhuset mellom Neset og Flatholm. Huset vart liggjande som ein stor haug med materialar og sidan har mykje av dei vorte spreidd av vind og straum. No er det på høg tid at restene av det historiske huset vert fjerna, men då dette er ein for stor jobb for dei som eigde det bør også andre ta eit tak.**

- Vi i styret i Uskedal Utvikling har for lengst teke opp saka og vi går inn for å løysa ho i to fasar, seier leiar Kristian Bringedal til uskedalen.no.

- Fyrst er det ynskjeleg at kvar einskild grunneigar som har material liggjande på sin grunn fjernar så mykje som dei maktar. I neste omgang, truleg rundt månadsskiftet mars/april, vil vi så innkalla til dugnad og brenna det som er att, opplyser leiaren

Dag Hermansen opplyste tidleg etter uveret at det skal reisast eit mindre sjøhus til erstatning for det raserte og det kjem til å stå på murane etter det gamle. Men dette prosjektet kjem nok noko seinare, for førebels har Hermansen og dei gode hjelparane hans sikkert nok å gjera med restaureringa av den fine, gamle garden på Neset.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Restene av det gamle sjøhuset slik dei ligg i dag. Haugen vert stadig mindre